

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2017

Handsaming i møte

Invitasjon til deltaking på Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin kontrollutvalskonferanse 07.-08.02.2018 vart send ut til kontrollutvalet 27.11.2017. Det vert opna for at dei som kan tenke seg å delta på denne konferansen kan få høve til og må i tilfelle ta dette opp med sekretariatet.

Kristian Helland (KrF) tok opp spørsmålet om Hordaland fylkeskommune sin garanti til sykkel VM i høve at beløpet vert halde tilbake i påvente av tilbakeføring av standard på vegen. Kontrollutvalet ber om å få tilsend kopi av dei skriftelge dokumenta som ligg til grunn for garantien som er gjeven. Dette vert lagt fram for kontrollutvalet i neste møte som referatsak.

Terje Kollbotn (R) tok opp spørsmålet om Hordaland fylkeskommune sine rutinar for beredskap på vegsektoren, i samband med ras og liknande, er tilstrekkelige. Han kom med slikt forslag til vedtak:

«Kontrollutvalet vil sjå nærrare på kva ansvar fylkeskommunen har når det gjeld beredskapen i Hordaland ved ras, flom og andre hendingar som medfører stengde vegar, og korleis både kollektivtrafikken og annan trafikk raskt kan omorganiserast ved uønskte hendingar.»

Kontrollutvalet gjekk inn for dette og ber om at sekretariatet førebur ei sak til neste møte i høve ein forvaltningsrevisjon på dette området.

Leiar i kontrollutvalet Inge Reidar Kallevåg (H) la fram eit forslag til sak om val av sekretariatsordning for den nye fylkeskommunen som han hadde motteke frå leiar i kontrollutvalet i Sogn og fjordane fylkeskommune, jf. referat frå felles møte mellom kontrollutvala 21.11.2017. Kontrollutvalet registrerer at det i dette forslaget er komme inn nye moment som ikkje vart diskutert i felles møtet 21.11.2017. Leiar i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune drøftar dette med leiar i kontrollutvalet i Sogn og fjordane fylkeskommune.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Dei som kan tenke seg å delta på Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin kontrollutvalskonferanse 07.-08.02.2018 kan få høve til det og vert i tilfelle beden om ta dette opp med sekretariatet.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsend kopi av dei skriftelge dokumenta som ligg til grunn for garantien som er gjeven til sykkel VM 2017. Dette skal leggast fram for kontrollutvalet i neste møte som referatsak.
3. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet førebur ei sak til neste møte i høve ein eventuell forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegsektoren i tråd med forslaget frå Terje Kollbotn.